

Materialet som lærermeister

Pedagogisk forteljing frå England og ruskinmillcollege

ved Jorunn Barane, desember 2015.

Korleis kan vi skape alternative læringsarenaer for studentar som fell ut av vanleg vidaregåande skule? I fylke vårt Sogn og Fjordane er det 600 ungdommar som droppar ut kvart år og på landsbasis er det 30%. Dei får ikkje realisert potensialet sitt for læring og utvikling. Mange må ty til støtteordningar allereie mens dei er unge. (Barane 2015, s.121).

På Ruskin Mill i England har dei utvikla heile dalen som læringsarena der entreprenørskap koplast til utdanning for berekraftig utdanning. Den vidaregåande skulen får ein aktiv rolle som sosial og økologisk samfunnsaktør i området. Handverk og landbruk er her blitt ein pedagogisk-terapeutisk arena og metode. Her kan merksemd, koordinasjon, motoriske evner, konsentrasjon osv. øvast i praksis der materiale sjølv er lærermeisteren. Dei tilsette handverkarane driv samstundes produksjon i samvirke med utdanning slik at de dei produsera står i ein tenesteytande samanheng. På den måten skapar dei reelle produkt til folk ut frå staden ressursar og eigenart. I november 2015 reiste eg dit (for 6 eller 7 gang) i forbindelse med prosjektet «Sosialt stadbasert entreprenørskap» forankra på NMBU ved Aksel Hugo i lag med Sogn Jord og Hagebruksskule.

Først litt fakta:

Ruskin Mill College www.rmt.org er eit av i alt 5 college med ca. 800 tilsette som arbeider med ungdom (alder 17-25) med spesielle behov, med utgangspunkt i handverk og landbruk. Innanfor sitt fagområde har dei mottatt den høgste utmerking ein utdanningsinstitusjon kan få i England (Beacon Award). Aonghus Gordon fekk i 2006 prisen *Social Entrepreneur of the Year*. Og sidan 1986 har tusenvis av studentar teke del i programmet « Practical Skills Therapeutic Education» tilrettelagt og gjennomført ved Colleget. Metoden og inspirasjonen deira er henta frå John Ruskin, William Morris og Rudolf Steiner. Der målet er

tilrettelegging av praktiske verkstader å gje ungdommar med ulike lærevanskar livserfaringar, ferdigheit, arbeidstrening og praktisk kunnskap til å meistre livet. Visjonen deira er å gje kvar elev og student individuelle meningsfulle opplevingar i forhold til seg sjølv andre og samfunnet. Slik at dei har moglegheit til å skapa si eiga framtid. Verdiane den vidaregåande skulen rettar seg etter er:

- Alle har moglegheit til positiv forandring og utvikling. Dei søkjer å respektera og forstå alle uansett ulikskapar og individualitet.
- Verdiane inkluderer læring og aktivitetar som integrerer intellektet,

relasjonsbygging og praksis. Dette inneber openheit, god vilje toleranse og møte folk med respekt å vera inkluderande.

Dei søkjer å leggja til rette for heilskapleg læring og erfaring gjennom, kunst, handverk, entreprenørskap, landbruk, ernæring, helse og miljø.

Materialet som læremeister

Korleis kan materialet sjølv vera læremeisteren i ei handverksbedrift? For å finna svar på dette deltok eg sjølv som elev i tre ulike verkstader med spørsmåla: Kva er det mæretialet krev av meg, kva er det de bevegar i meg, kva gir det og kva får eg tilbake. I tillegg intervjuer eg studentane og handverkslærarane undreveg i arbeidet og i pausane. På denne måten ville eg prøve å komme i dialog med materialet sjølv. Første dagen fekk eg vera med å dreia av fersk trevirke frå skogen:

Det er ein fuktig og mild novemberdag i bøkeskogen ved colleget, vi hentar reiskap i skjulet sag , øks og kilar. Læraren fortel om kvifor dei har felt trær med elevar dagen før. Trea står tett og har lange slanke stammer kjem det ein storm kan dei detta å gjera skade. Tynnar ein får dei meir plass då kan krona utviklast meir og trea blir stødigare. Fargerike blader ligg i den bratte bakken å skapar den raude varme stemninga av bøkeskog. For studentane er det ei utfordring berre å føta seg forklarar læraren og det er utfordrande om dei i tillegg skal bera reiskap og tømmer på skuldra. Ikkje



Figur 1, Aonghus Gordon viser oss kart over dalen og dei ulike verkstadane

før dei går i tredje året får dei læra og bruka motorsag. Vi diskutera treet som er felt, korleis saga i rette lengder utan at saga vil kila seg. Vi legg klossar under for å halda stamma oppe og set i gang med «tigersvansen». Handsaga krev fysisk styrke og ein mann på kvar side av stamma, vi må finna rytme og saga beint. Dette er ei intim samarbeids- oppgåve her krev det kommunikasjon, vilje og samspel. Ein må førebu studentane, det kan ta lang tid og få i gang viljen til aksjon slik at dei byrja skapa relasjonar til arbeidsoppgåva. Vi blir varme i tøya, set stubben på høgkant finn fram kilen, ser på årringane kor treet har vert kvister, festar kilen og slår med klubbe, vi delar stubben i to. Dette er fersk, saftig trevirke og ein kan høyre på lyden når treet ekspanderer langs retninga på flisene. Vi deler stubben i 4 like deler og ber emnet vårt tilbake til verkstaden. No teiknar læraren ein sirkel i kvar ende av emnet, vi skal laga eit kjevle. Så får eg ei øks og hogg kantane av det som er til overs slik at det byrjar bli rundt. No er emnet klart for høvlebenken. Vi brukar ein dra-kniv og skavar av i lange drag, treet er lett som smør å forme. Når emnet er blitt rundt fester vi det på dreiebenken.



Figur 2, Richard Turley er lærar og rettleiar på treverkstaden. Her visen han korleis den enkle dreiemaskina verkar.

Først må vi slipe reiskapen for å få den skarp. No byrjar utfordringa samtidig som ein trør på pendelen med foten går emnet rundt og vi byrjar dreie kjevlet rundt og glatt med jernet. Fuktigheit og novemberkulde har gjort musklane i kroppen min stive dette er vanskeleg koordinasjon. Motstanden både i meg og i materiale byrjar gjera seg gjeldande. Det er no det gjeld å ha vilje til å gjennomføra, vera nøyaktig, halda jernet i rett vinkel utan å laga store hakk. Etter ei stund må eg ha hjelp, dette får eg ikkje til i første omgang, heldigvis er dagen over. Neste dag får eg ein ny sjanse, betre koordinasjon av armar og bein betre konsentrasjon. Dreiar handtak på begge sider av kjevle med litt avrunding slik at dei sit godt i handa. På slutten treng eg likevel hjelp til avrundinga og å få kjevlet glatt men gir meg ikkje før resultatet er komplett. Resultatet blir bra eg viser det fram og får tilbakemelding, vi kan samtala om bakst, nye oppskrifter og

mykje meir ein kan bruka eit kjevle til ..vi diskutera dette i matpausen, mange vil sjå å beundra det og vil høyre korleis de blei til, folk er imponerte. Det nye kjevle skapar kommunikasjon nye idear oppskrifter, latter, liv og ny kraft og energi. Gjennom kjevlet kan eg kommunisera med andre på nye måtar. Heile prosessen er gjennomført på kort tid, frå felling av treet til ferdig produkt. Kjevlet ligg og skin i hendene mine, eg er stolt og kan sjå at andre vert inspirert. Blir kjend med nye folk som slår av ein prat, prosessen frå hogst til ferdig kjevle er noko alle kan forstå og førestille seg.



Figur 3, Ferdig kjevle av fersk trevirke på ein og ein halv dag heile prosessen frå felling av tre, kløyving, høvling og dreining.

I pausen har eg samtale med elev «Alex» 17 år frå byen Swindon. Han er i gang med vedkløyving og stabling av ved. Jo han trives her på colleget kan han fortelja meg, spesielt ute med skogsarbeid. Han har vert her i to år no. Byen han kjem frå er farleg fortel han vidare. Kor han enn går må han snu seg for ikkje å verta overfallen ingen stader er trygt. *Det er knivstikking rus og elendigheit i bydelen der eg vaks opp det er farleg der og eg er redd, seier han.* Her på colleget er han i trygge omgjevnader ja han kan fortelje at han trives med praktisk arbeid, eg er praktiskar eit praktisk talent forklarar han til slutt.

Ein annan gut «Tom» 17 år, skal vera med i treverkstaden denne dagen, men han er ikkje i form klara ikkje å motivera seg for arbeidet denne dagen. Endå han er glad i å vera her og har eit godt forhold til læraren sin og veit at han meistrar å arbeida med tre. Tom har allereie laga eit flott stolsete i tre som ligg klart. Han har dreia tre føter som no berre skal monterast. Han har gravert inn eit stort hjerta i treet på setet av krakken. Dette skal vera ei gåve til familien hans. Men denne helga har han besøkt mor si som er rusmisbruker. Ho kan fortelja han at far hans er død og at han har aldri får møta han, aldri får sjå han. Dette har lenge vert eit stort ynskje for Tom å få møta familien sin. Ingenting finns att etter far hans ikkje eit foto eingong får han høyra. Begge brødrane hans er i fengsel for knivstikking, då læraren introduserte han for reiskap som øks og kniv kjende han dei gjennom slagsmål. Denne helga har vert vanskeleg for Tom det er ikkje mogleg for han å konsentrera seg i dag, han må snakka med terapeuten sin. Sjølv om læraren lovar at han skal få laga bål i skogen etter lunsj og knekkja kvister å leggja på bålet, noko som er favoritt aktiviteten hans.

Keramikk og leire verkstaden i Stroud



«Lansdown Pottery, Center for Science and Art» står det på blått skilt over døra. Her skal eg arbeida neste dagen ilag med Sam som er lærar og elevane hans. Det krev sitt å stiga innafør døra og *vilja* skapa relasjonar til både folk og til materiale som er leira denne dagen. Ja kanskje dette er største steget å vilja opne døra å gå inn.»

«The most difficult thing is the decision to act, the rest is merely tenacity. The fears are paper tigers. You can do anything you decide to do. You can act to change and control your life, and the procedure the process is its own reward»
Amelia Earhart (1898-1937)


Innanfor døra møter eg lærar og elev, dei er i gang med å studera, diskutera keramikkskålene som studenten har

laga. Hund og katteskåler i ulike størrelsar og forma til føremålet. Dei er ferdig brente og glaserte i omnen. Oppgåva er no for eleven å velja ut den skåla som han syns er finast, finna den som har best form og som han vil rekonstruera laga fleire av til julemarknaden. Læraren fortel at dette er den store utfordringa. Når du har funne ei form og så klara igjen skapa den og produsera fleire. Eleven vel ut ei stødig og opprett forma som han vil kopiera.

Så byrjar Sam forteljinga om leira, kor kjem den frå, korleis den vert den danna, geologien, granitt, istida, mineraler som vert pressa saman, laga og skapt gjennom rørsele over tusenar av år. Sam er frå Uganda har jobba med leira frå han var ein liten gut, bygd hus, laga kokekar og krukker, dette er hans materiale. Vi må starte med byrjinga seier han, det er avgjerande, elevane hans må ut og grave fram leira frå dalen der dei bur. Vi må læra oss å sjå samanhengar, der ligg utfordringa, i dag ser vi berre på ein del av prosessen. Det er derfor vi har så store utfordringar i verda seier Sam. Vi må starta frå byrjinga og sjå forbindelsen heile vegen, stå i «context».

Elevane graver sjølve fram leire, lærer om den og korleis den kan brukast. Dei tar ut klumpar presser dei med hendene rører inn vatn, knar og kjenner seg fram til rett materiale. Deretter vert leira brent. Då skjer det ein heilt ny kjemisk forbindelse, lufta går ut, ein glaserar lagar mønster og fargar. Han set meg i gang med å kna leira som er sleip, små partiklar, som må knusast. Han lærer meg to ulike teknikkar. Etterpå skal den tørkast slik at den vert passeleg å jobba med som ein deig. Vi lagar ein rund ball puttar tommelen nedi lagar eit hol, ballen går rundt i handa til vi har laga ei skål. Deretter deler vi skåla i to med ein streng og ser om den er like tjukk. Slik får eg eit bilde av kva vi skal jobba med i dag. Eleven lagar 12 like store leire ballar og veg dei 600g. Dei lære også om marknadsføring og sal av produktet. Læraren demonstrerer for oss ved dreieskiva korleis få høgde og rette kantar. Før eg får dreie, må eg lære andre teknikkar, den første er pølseteknikken vi rullar ut lange pølser og legg leivane i sirkel. Eg skapar ei form som ei krukke. Arbeidar i stillheit heilt til eg står fast så må eg la den kvile, byrja på noko anna. Han lærer meg kjevlemetoden, kjevlar ut botn og etterpå kantar. Limer den saman med våt leire, skapar ei ny spennande form. Eg kjem til eit punkt der alt stoppar opp veit ikkje kva dette skal verta. Tar pause kjem tilbake å ser noko heilt nytt, frå ein ny vinkel og kan ta tak igjen. Der er du som må bestemme i samarbeid med materiale.

Så ser eg plutselig at dette skal bli ei mugge, lagar tut, får prøve ulike reiskapar til å polere binde saman, glatte ut. Mugga vert stødig og solid Sam lærer meg teknikken med hank. Eg må også dreie seier Sam han demonstrerer, eg følgjer nøye med. Sentrere leira, ha nok vatn så kan ein byrja få den til å gå oppover med to fingra inn i og to utanpå. Så må ein skrape av nedst for å lage eit rom kor skåla kan vekse frå. Dette vert ein viktig punkt for meg, krukka må ha rom for å veksa. Vi skjær av kanten med ein kniv slik at den ikkje byrjar slenge rundt. Så kan ein byrja laga design og form. Erfarar at ein må stoppa i tide, ha nok vatn våga og ha mot til å bringa den oppover, meir gass på pedalen. Kan med ein gong seie at eg likar betre pølsemetoden fordi den er nærmaste til ein sjølv. Eleven ved sida av meg har klart å laga ei make hundeskål på dreiebenken, vi klappar i hendene og skryt, han er veldig stolt.



Figur 2, Lærer Sam Makumba lærer meg ulike teknikkar i arbeidet med leira, koppar og skåler frå Lucy sin verkstad.

Metall arbeid ved Freeman College i Sheffield 11. November, 2015

Historia til byen seier at i området rundt Sheffield har det vert busetjing heilt tilbake til istida. På 1000-talet vart det bygd eit lite «Castle» ved elvemunningen i byen for å kontrollera befolkninga. Kring dette slottet byrja ein liten by å utvikla seg. På 1400-talet vart byen kjent for knivproduksjon innan år 1600 hadde byen blitt ein av Englands største bestikkprodusentar. Seinare blei det utvikla ein ny prosess for stålproduksjon og den gav stål av betre kvalitet. Samtidig kom dei fram til ein metode som utvikla sølvplett. Det førde til at Sheffield under den industrielle revolusjon opplevde enorm vekst både økonomisk og i folketal.

Vi vandrar gjennom byen til Freeman College, høyrer, ser, luktar og erfarer historia til byen. Rekkjer med hus der arbeidarane har budd. Nye flotte fontener og kunstprosjekt i stål med rennande vatn er iaugefallande. Vi kjem fram til college og den gamle verkstaden med alle maskinane som vert brukt til å stansa ut, pussa og polera knivar, gaflar og skeier i stål. Det lukar olje og støv, vindauga er høgt opp på veggen så vi ser ikkje ut, dette er ein maskulin arbeidsplass med fokus på detaljar og handtering av mange ulike maskinar.

Lærer «Matt» har førebudd verkstaden for oss. Han har stansa ut sirklar i kopar og tinn i ulike størrelsar. Vi får på oss forkle og vernesko, får ein introduksjon av reiskap og utstyr og er i gang med bankinga. Vi skal hamre tinn og kopar som studentane også gjer her ved Freeman Colleet. Hammarslag høyrer, vi bankar på tinnsirkelen. Etter ei stund er det stopp og eg spør meg. Kva vil eg eigentleg med denne sirkelen? Dette er første læringssteg for elevane forstår eg, å bli bevisst, vakna opp og sjå kva ein held på med. Kva eg vil skape, kva form skal den ha, kva reiskap skal ein nytta? Kva skal det brukast til osv. Ein byrjar sjå på

hamarane, dei er ulike i størrelse og form og dei set ulike merker på tinn og bankar i. Så lærer eg av rettleiaren at ein må banke i små sirkclar, sju slag er fint, og så ein pause, altså rytmisk. Vi prøver ut ulike undrelag og flater ulike klubber og hamrar. Tinn og bevega og forandra seg lett under hammarslaga, den flate sirkelen byrjar få form av ei skål. Etter ei stund stoppar eg opp igjen og spør skåla kva har du tenkt å bli i respons til mine henders banking og arbeid? Prøver å få til dialogen mellom meg og metallet. Kanskje ei sølje, men på så kort tid? korleis skal den formast? Vi treng ein pause, sleppe taket komma tilbake å sjå om de er ei anna historie eller produkt som vil fram. I pausen samtalar vi om metallet kor kjem de frå. Set de inn i ei kulturhistorisk forteljing frå steinalderen til jernalder og oppover korleis og når teknologien kjem inn. Ser føre oss korleis dette kan utviklast til ei større kulturutviklings-forteljing ut frå kor metallet er henta frå og prosessen med å få det ut - som t.d jernmalmen i myrane heime.



Figur 3, Produkt som elevane på Freeman college har laga på dei ulike verkstadane, julepynt støypt i tinn, banka kopar fat og nytt design i knivar og gaflar i blankt sølv.

I galleriet på Colleget er det utstilling av elevarbeid. Koparfat som er dreia og skin i lyset. Sølvvasar og bestikk i sølv, juletrepynt i tinn som dei støyper. For ikkje å gløyma hagereiskap som dei har smidd av bronse og dreia tre handtak. Vi går tilbake til verkstaden og får omvising med studentane i deira verkstader. Ein student sit og lagar ein detaljert slange i sølv, han set konsentrert over arbeidet, viser det stolt fram. Ein annan lagar eit smykke av ein ulv med mørke blå edelsteinar til auger, dette skal han ha rundt halsen. Det ser ut til at ungdomane (som har ein utfordrande kvardag) intuitivt har tilgang til den gamle visdomen og håpet om at desse dyra kan beskytte dei. Ur-kulturar som inuittar, samar og maoriar har brukt slike amulettar, ringar eller smykke med magiske krefter som kan beskytta og synleggjera det gode i år tusenar.



Figur 4, Hamring av kopar skål , forteljarsølja banka i tinn, kopar og messing og hagereiskap i bronse og tre.

Vi går tilbake til verkstaden og set i hop tinn og koparen som er banka ut, vi dreier eit hol i midten for å festa saman med ein messingspiral i midten. Deretter dreier vi to hol til å tre ei skinnreim i slik at *smykke* kan hengjast rundt halsen om ein vil. Forteljarsølja er ferdig til bruk.

Refleksjon over arbeidet må komma seinare ein få avstand og prøve skapa indre bilete av heile prosessen for å finne svar på spørsmåla som var: Kva materialet krev av meg, kva bevegar det i meg , kva gir det og kva får eg tilbake?

Når det gjeld forteljarsølja, er svaret er at eg ikkje skal gjera alt mogleg lenger men stødig og ut frå tida ein har til disposisjon, gjera dette og få det i hop til ein heilskap. Glansen i koparen overraskar meg, den gir noko tilbake og kjennest som ny energi ein kald og mørk novemberdag. Slik var det i dei mørke stovene for 100 år tilbake i tid, då dei ikkje hadde elektrisitet og fyra med koks. På søndagen tok dei fram sølvtøy og koparfatet for å pussa dei, så den varme glansen kom fram i mørketida. I mitt arbeid som forteljar med lokale huldre forteljingar er eg bevisst metallet (sølv og gullet) som skin inne i fjellet ved Sognefjorden. Eg kan fortelja de skinande metalet fram gjennom lokale mytar, segn og eventyr. Forteljingar kan også gje energi og lys til den som lyttar på mørkaste vinteren, har eg erfart.

Forteljarsølja fortel noko om meg sjølv og korleis mine hender skapar og fortel ut frå min unike biografi og mine omgjevnadar. Ytre sett har eg skapt ei sølja av tinn og kopar, banka den fram med hammar og ulike verktøy og sette den i hop på ein dag. Det indre unike i meg går i hop med metallet og det unike i byen Sheffield.

Transformasjon gjennom motstand og møte med materiale.

Gjennom å dreia ei skål i leira eller å laga eit kjevle frå fersk trevirke, så legg du noko av deg sjølv i produktet. Forma på mugga vert gjennom mine hender eit uttrykk for mitt indre, viss ein passar på jobbar tett opp mot seg sjølv. Dermed set

du ditt indre ut i verda gjennom tekanna eller skåla som du kanskje sel på marknaden. Slik kommunisera du deg sjølv ut på ein intim måte og får respons på ditt produkt. Du slepp å få tilbakemelding direkte på deg sjølv, noko som kan vera vanskeleg å ta imot for ungdom med ulike knyttingsproblem og relasjonsvanskar. Du kommuniserer gjennom produktet du har laga og som du no har set ut i verda, du har til og med kanskje satt prislapp på produktet ditt.

På denne måten får elevane hjelp til å sjå sitt potensiale og setja verdi på sin kunnskap og kompetanse innanfrå. Du må sjølv sjå verdien av ditt eige, for at andre kan kjenna det igjen og verdsetja det som noko spesielt og heilt unikt. I møtet med kjøpar av ditt produkt, enten det er vakuumpakka fisk, salat i frå hagen, keramikkskål eller eit kjevle oppstår noko unikt. Nemleg ei forståing og stor respekt for den prosessen som du har bak deg. Å kunne sjå føre seg prosessen frå korleis kjevlet er løyst og forma ut av treet som har vakse der i bøkeskogen og deretter høvla og forma på dreiebenken steg for steg eller leira som er henta opp frå grunnen i dalen og forma til ei skål.

I møtet mellom elevane sine behov og staden eller dalen her, skjer det ei forvandling og foredling av begge, på denne måten kjem elevane i berøring med autentisk kunnskap og autentiske læringssituasjonar. Staden sin genius og eleven sine unike eigenskapar og eigenart kjem i hop. Dette er ein gjentakande kreativ prosess som må gå føre seg og igjen, nye byrjingar kan skapast kontinuerleg. Er det dette dei meiner på Ruskin Mill når dei snakkar om å «*Re-imagining potential*» altså igjen skape potensiale. Det potensiale som alltid vil vera der latent, både i mennesket, i materialet og i omgjevnadane. Ja då gjeld det **først å finna sitt emne** eller tema ved å prøva ut fleire i løpet av de første året. Dernest må ein utvikla **vilje og kraft** nok til å gripa det latente både i seg sjølv og i materialet og omskape det til eit produkt. For ungdommar handlar dette om identitet og kommunikasjon, å få moglegheit til å setja sitt stempel og avtrykk ut i verda og sei her er det, dette er det, her er eg! Utfordringa ligg i om vi klara ta steget inn døra og tåler å møte den motstanden som ligg i materialet og i oss sjølv og om vi har tålmod, kraft og vilje nok til å møte motstand og forvandle den. Slik at vi ved motstand kan erfara oss sjølv og vårt potensiale, utvikle førestillingevne som gjer at vi på nytt og på nytt kan igjen skape nye relasjonar også til våre omgjevnadane.

Transformativ læring dreier seg om læring som inneber ei omdanning eller endring hos den lærande Illeris (2013, s. 17). Han definerer transformativ læring slik: «*Begrepet transformativ læring omfattar all læring som inneber endringar i den lærande sin identitet*»

På Ruskin Mill arbeidar dei både med hendene, hovudet og hjertet. Dei utstyrer studentane med verktøy og reiskap så dei kan transformera materialet og på

same tid transformera seg sjølv. På denne måten kan studentane gjennom handverk og landbruk læra seg å skapa nye relasjonar i livet. Slik utviklar dei sosial merksemd og har noko konkret å bringa ut i samfunnet. Ut frå seg sjølv får dei då høve til å utvikle ei positiv og produktiv påverking på omgjevnadane og kjenna seg med som deltakarar i samfunnet. Det handlar om å finne ståstad i seg sjølv og vera sjølvregulerande. ”*How do I give resistance so I experience self?*”



Figur 5, «The Fish Farm» lærar og rettleiar Aron viser elevane korleis dei med respekt skal ta liv av auren før den skal fileterast og røykast på røykeriet før servering i kafeen eller vakuumpakka for sal i gardsbutikken ved skulen.

I møtet med motstand handlar det om å lage en situasjon som skapar ei kreativ spenning; ”*creative tension*” og individuelle utviklingsløp tilpassa kvar enkelt elevs emosjonelle, fysiske og kognitive behov. I kvart College er det utviklet eit mangfald av handverksrelaterte verkstadar og landbruksrelaterte arbeidsområder, som utgjør kjernen i læreplanen – til dette knytast så i neste omgang læreplanmål innanfor lesing, rekning, sosiale og kommunikative ferdigheter. Det er også avgjerande kva profesjonell samanheng disse verkstadene står inne i. Dei tilsett handverkarane driv eigen produksjon i samvirke med utdanning, slik at det som produseras står i en autentisk tenesteytande samanheng. Eit eksempel er produksjon av aure, som røkes, pakkes og seljast av studentane.

Ruskin Mill college arbeider med å igjen skapa potensialet både i handverksfaga, i studentane og i omgjevnadane. Dei opnar opp for ålmenta og fungerer som eit kultursenter, der dei inviterer folk inn i handverksbedrifter, kafear med økologiske råvarer som studentane fylgjer frå frø til bord. De meste av maten er lokalt dyrka frå eigen gard eller i hagebruket.

Jorunn Barane, desember 2015

Litteratur:

Barane, Hugo, Clemetsen, 2015: Kunnskap for ei felles framtid, lokla forankring av læreplanen, Fagbokforlaget.

Illeris, 2013. Transformativ læring og identitet, Forlag Samfunslitteratur, Danmark.

Quotes by Amelia Earhart, <http://www.ameliaearhart.com>